# ÅRSMELDING 2024

# OPPLAND BYGDEKVINNELAG





NORGES BYGDEKVINNELAG
Oppland

Kjære Bygdekvinner!

Tusen takk for jobben dykk alle gjer ute i lokallaga!!
Dykk er limet og bærebjelka i laget vårt.

Verda rundt oss er uroleg og vi har i heile 2024 sett fokus på beredskap, med alt det inneheld, både det å ta vare på det vi har gjennom Nøysom, og til å lære å dyrke mat sjølv.
Fleire lokallag har samarbeida med eit lokalt hagelag i samband med nøysom!

Vi i distriktsstyret har jobba mykje med reint vatn, eit samarbeid med Vassdragsforbundet. Fleire lokallag vart og med, skikkeleg bra!

Vi gler oss på årsmøte på Honne, med beredskap som tema på laurdag.
Kanskje reiser vi heim, og sjekker ein ekstra gong kva vi har på lager? Eller om det er noko vi kan gjere for å bli enda bedre i stand til å takle ei krise?

Velkomne til årsmøte!

Vi gler oss!

Audmjuk helsing frå Borgny



# Møter og arrangement som styremedlemmane har vore med på:

## Borgny har vore med på:

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Årsmøte i Oppland Bygdekvinnelag

Distriktledermøter

100 års feiringa til Brandbu Bygdekvinnelag

Møter med Eva Dybwad Alstad og Monika Vågan frå Norges Bygdekvinnelag

Årsmøte i Innlandet Bondelag

Jordvernalliansen

Studieforbundet Kultur og tradisjon

Landsmøte Norges Bygdekvinnelag

Møter med Vassdragsforbundet og Miljømerket Svanen.

Møter med Kreftforeninga

Lagt ut på nettsida, Facebook og Instagram

Varamedlem styret til Norges Bygdekvinnelag.

## Ingrid Marie har vore med på:

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Årsmøte Oppland Bygdekvinnelag

Regionmøte med Norddalen

Årsmøter i Vågå og Lom Bygdekvinnelag

Møte med Norges Bygdekvinnelag

Jubileumsfeiring Skjåk Bygdekvinnelag



## Anne Grete har vore med på:

Styremøter Oppland Bygdekvinnelag

Landsmøte Norges Bygdekvinnelag

Møte med Norges Bygdekvinnelag

Oppland

## Margaret har vore med på:

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Årsmøte Oppland Bygdekvinnelag

Landsmøte Norges Bygdekvinnelag

## Ingerid har vore med på:

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Landsmøte i Norges Bygdekvinnelag

## Kjersti har vore med på:

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag



STYRETS ARBEID 2024

Vi har hatt 6 styremøter, der ein laurdag på Lillehammer var fysisk.
Det har vore utfordrande å få samla oss til fysiske møter, men vi har brukt Teams og det fungerer godt! I tillegg blir det mykje chat,mail og telefonar.

Vi har hatt fleire møter med Vassdragsforbundet, og Kreftforeningen og i tillegg har vi vore representert i Oppland Bygdeungdomslag,Landbruksråd Innlandet, Studieforbundet kultur og tradisjon og Jordvernalliansen igjennom året.Nokre regionar har hatt regionmøter.

I juni var det Landsmøte i Ålesund.

Ingerid,Anne Grete, Margaret og Borgny tok turen dit frå Oppland.

Det var gode debatter og eit stort arbeid med vedtektsendringar vart gjort.

Anne Iren Myhr frå Trøndelag vart valgd til ny leiar og vi gler oss på vidare samarbeid!

Trivelege kveldar, gode samtaler og alle reiste heimatt og kjende på at vi er ein del av noko større. Vi er med i eit lag!

Ynskjer du å lese protokollen frå landsmøtet finn du den her:

Organisasjonsbiblioteket | Bygdekvinnelaget





I 2024 fekk Magnhild Grimsrud Positivprisen, og Anne Mari Amlien fekk «kjevlet» Dette er eit «hedersmerke» vi ynskjer gje ut til dei som har gjort det lille ekstra over mange år.






Ola Tore Dokken vart årets Bygdeløfter i Oppland 2024 for sitt engasjement for mellom anna skule saka på Dokka.Han viser eit stort engasjement for Bygdenoreg!



# Prosjekt reint vatn!

Frå Desember 2023 hadde vi eit samarbeid med Vassdragsforbundet for Mjøsa med sideelver.

Det vart laga ei brosjyre som fleire lokallag har delt ut på stand og alle kommunane i Oppland har fått den.








I SoMe delte vi mange bilder heile våren og utover sommaren.










Nokre av bilda

NORGES BYGDEKVINNELAG

Oppland




Alle kan gjere litt!!

Nye styret til Norges Bygdekvinnelag

